

---

Vår referanse 2021/393-3  
Dato 29.06.2021

---

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Uttale - melding om delegert vedtak - dispensasjon - gnr 37 bnr 41 - fv 570 Austfjordvegen - Masfjorden kommune

Viser til brev om delegert vedtak mottatt 22.06.2021.

### Om saka

Masfjorden kommune har tidlegare mottatt søknad om bygging av ny tilkomstveg til fritidsbustad på eigedom gnr. 37 bnr. 4. Søknaden gjaldt også utvida bruk av avkøyrsløypunkt mellom fylkesveg 570 Austfjordvegen og skogsbilveg 101 Austfjordvegen. Fylkesvegen og avkøyrsløypunktet er regulert i reguleringsplan Einestrand Nordkvingo, plan-id; 1266 2013 0003. Sjølve eigedomen er derimot ikkje regulert, men heller avsett til LNF-føremål i Kommuneplanens arealdel (KPA), plan-id; 1266 2016 0004. Tiltak om å bygge 50 meter langs fylkesvegen krev følgeleg dispensasjon frå LNF-føremål i KPA.

Vestland fylkeskommune uttala seg i saka og vektla at det er Masfjorden kommune som skal sjå på saka i første omgang. Vi har no mottatt brev om delegert vedtak. Masfjordne kommune har gitt dispensasjon frå LNF-føremål til bygging av ny tilkomstveg av fritidseigedom gnr. 37 bnr. 4 og ber om ei ny uttale.

### Vestland fylkeskommune si uttale

Vestland fylkeskommune skrev den 9.04.2021 ei negativ uttale til dispensasjon frå LNF-føremål i KPA samt ei utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype. Vi vektla at avkøyrsløypunktet er verken bygd ut etter gjeldande reguleringsplan Einestrand Nordkvingo eller stettar dei vegtekniske krava i handbok N100. Vi konkluderte likevel med at dersom det gis dispensasjon i saka, og avkøyrsløypunkt vert bygd etter reguleringsplan, kunne søkar likevel påreknne løyve til utvida bruk for gjeldande avkøyrsløypunkt.

### Konklusjon

Slik det kjem fram av søkar sine kommentarar til uttalar frå offentlege mynde, deriblant Vestland Fylkeskommune, er vedkommande villig til å opparbeide omsøkt avkøyrsløypunkt i tråd med gjeldande reguleringsplan Einestrand Nordkvingo. Vi viser her til vår tidlegare uttale og hald ved at avkøyrsløype kan påreknast frå vår side. Søkar er nøyd til å sende offisiell søknad om utvida bruk av avkøyrsløype til Vestland fylkeskommune, og er difor sett på kopi i vår uttale. Sjå denne lenkja for søknad om utvida bruk av avkøyrsløype;

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-avkjorsel>

Vestland fylkeskommune vil sakshandsame søknad om utvida bruk når vi mottek denne frå søkar.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Sara Nordahl  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Frithjof Kvinge   Ola Grotnes' Vei 9